

1. Introduser timen:



Sei at timen skal handle litt om krigen i Ukraina, og mest om korleis vi kan vere gode skolevenner for nokon som kjem hit frå eit anna land og ikkje snakkar norsk.

Dei fleste av dykk har nok allereie snakka om krigen i Ukraina i klassene. Elevane er ulike og medan nokre kan ha behov for å snakke meir om dette, har andre behov for å fokusere på andre ting. I starten av timen er det uansett fint om du:

- minner elevane om at vi ikkje har grunn til å tru at dette skal kunne skje i Noreg. Vis på kartet og minn om at Ukraina og Russland tidlegare har høyrte saman, medan Noreg og Russland aldri har gjort det.
- seier at det er normalt å kjenne på ulike følelsar når det er krig nær oss, og at vi skal jobbe med det seinare i timen
- seier at dersom nokon har behov for nokon å snakke med nokon vaksne om vonde tankar og følelsar så kan dei seie frå så skal du hjelpe dei å finne rett person
- minner om at elevane bør få nok pause frå fokus på krig. Kanskje nokre treng tips til korleis dei kan skjerme seg frå saker om krigen i ulike media, eller tips til kva dei kan gjere på når tankar om krig blir plagsame.

2. Korleis kan det vere å flykte frå krig?



Sjå punkt 5 om Maries familie som flytta inn til Jakes familie: [NRK Super - Supernytt](#)

Punkt 3 i denne handlar om kva flyktningbarn har i bagasjen sin: [NRK Super - Supernytt](#)

- Bruk gjerne desse klippa som utgangspunkt for å snakke litt om korleis det kan vere å måtte flykte frå heimlandet sitt
- Korleis trur vi det kan kjennes å kome som flyktning til Noreg? Kva er likt som i Ukraina? Kva er annleis?

3. Korleis kan vi vere gode skolevenner for nokon som kjem hit og ikkje kan norsk?

Korleis kan vi vere gode skolevenner for nokon som kjem ny og ikkje kan norsk?

La elevane jobbe saman i grupper før de jobbar saman i klassa, og kom på flest mogleg aktivitetar og måtar å vere saman på der det å kunne språket ikkje er så viktig.

Lag ei huskeliste som kan hjelpe elevane til å vere gode skolevenner for nye elevar som ikkje kan norsk, og heng den gjerne på klasserommet.


4. Syng litt?

Her er to songar som er brukt mykje i skolane for å fokusere på fellesskapen mellom barn på tvers av ulike land. Kanskje kan de andre songar som er aktuelle?

- [Vi sangen - YouTube](#)
- [Barnas verden med tekst - YouTube](#)


5. Følelsar som kan dukke opp når det er krig nær oss

For å jobbe litt med følelsar som kan dukke opp i ein slik situasjon har vi laga desse tre utfylte hjertehjula. Dersom de ikkje har jobba med hjertehjulet før så start med å sjå filmen [Hjertehjulet - vi lærer om følelser sammen! - YouTube](#)




Å kjenne seg redd når det er krig nær oss er ganske normalt. Det kan kjennast på fleire måtar inni oss enn det som står i det oransje hjertet.

Beskjeden frå kroppen kan også sjølvstekt vere meir enn det som står her. Ulike menneske vil også ha ulike behov. Så kva treng du når du kjenner det slik?



Det er også heilt normalt å kjenne sinne. Symptoma kan kjennes like ut som redd, med det kan også kjennes annleis ut. Kva kjenner elevane i denne klassa?

Beskjeden handlar ofte om å stå opp for seg sjølv eller andre. For dei som er att i Ukraina for å forsvare landet sitt er dette ein svært nyttig følelse. Den gir kraft til å kjempe, til å beskytte seg og andre.



Mange blir også triste når det er krig. Å vere trist er ofte ein beskjed om at det er noko vi har mista. Sjølv om vi bur i eit trygt land og ikkje har mista heimen vår, kan vi kjenne at vi har mista følelsen av at krig ikkje kan skje i Europa.

Vi kan også vere triste fordi vi føler med dei som no mister det dei er glade i i landet sitt. Eller vi kan bli triste når vi tenker på alle i Russland som ikkje ønskjer krig. Eller andre stadar i verda som også har det vanskeleg no.